



# Norges Jeger- og Fiskerforbund Sogn og Fjordane

[www.njff-sognogfjordane.no](http://www.njff-sognogfjordane.no)



## Årsmelding2001

Årsmøte Hotel Alexandra  
16. mars 2001



- ▶ Ny jegeropplæring
- ▶ Sportsfisketurné
- ▶ Godt laksefiske ?
- ▶ Merkeprosjekt hjort
- ▶ Instruktører i flugekasting
- ▶ Fiskecampar
- ▶ Undervisning i skulane tar form
- ▶ Gyro-aksjon
- ▶ Rekord i hjortejakta
- ▶ Nye Jakttider
- ▶ Kursverksemd

## ÅRSMØTE HOTEL ALEXANDRA, LOEN 16. MARS 2002

### INNHALDSLISTE

Program og sakliste årsmøte.....	side 2
Styret sine framlegg til vedtak.....	side 3
Nokre ord frå leiaren.....	side 6
Årsmelding frå styret.....	side 7
Medlemsutvikling.....	side 16
Årsmelding frå Fagleiar Fisk.....	side 18
Årsmelding frå Fagleiar Vilt.....	side 18
Årsmelding frå Fagleiar Konkurransen.....	side 19
Årsmelding frå Fagleiar Hund.....	side 19
Årsmelding frå Ungdomsutval.....	side 20
Årsmelding frå Fylkesinstruktør Rifle.....	side 21
Årsmelding frå Fylkesinstruktør El. Dressurhalsband.....	side 22
Årsmelding frå Mik-instruktøren.....	side 23
Årsmelding frå Fylkesinstruktør Ettersøkshund.....	side 23
Årsmelding frå Fylkesinstruktør Jegerprøve.....	side 24
Årsmelding frå Kvinnekontakten.....	side 25
Årsmelding frå fylkessekretær.....	side 25
Årsmelding frå Undervisningsinstruktør.....	side 26
Kontorutstyr.....	side 27
Rekneskap for 2001.....	Vert ettersendt
Arbeidsprogram for 2002.....	side 28
Budsjett for 2002.....	Vert ettersendt
Vedtekter.....	side 31

## PROGRAM ÅRSMØTE

<b>Laurdag 16. mars</b>	kl.11.00 Velkomen, nytt frå NJFF
	12.00 Mediekurs
	14.00 Lunsj
	15.00 Årsmøtesaker
	16.30 Kaffepause m/ frukt/kake
	16.50 Årsmøtesaker
	19.00 Avslutning
	20.00 Middag og sosialt samvær / Stryn og Hornindal jsfl har innslag

Pausar etter behov.

NJFF vert representert ved Espen Farstad. Farstad held også eit inspirerande mediekurs:  
Korleis synleggjere seg betre

## SAKLISTE ÅRSMØTESAKER

Sak 1	Namneopprop
Sak 2	Val av ordstyrer og sekretær
Sak 3	Val av teljekorps og 2 representantar til å skrive under møteboka.
Sak 4	Godkjenning av fullmakter
Sak 5	Godkjenning av innkalling og sakliste
Sak 6	Godkjenning av forretningsorden
Sak 7	Årsmeldingar for 2001
Sak 8	Revidert rekneskap for 2001
Sak 9	Innkomne saker
Sak 10	Vedtektsendring
Sak 11	Arbeidsprogram for 2002
Sak 12	Fylkeslaget sin kontigentandel
Sak 13	Budsjett 2002
Sak 14	Val

## STYRET SINE FRAMLEGG TIL VEDTAK

### Sak 4. Godkjenning av fullmakter

Årsmøtet tek stilling til evt. innkomne fullmakter

### Sak 5. Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling med førebels program vart utsendt 18.01.02. I fylgje fylkeslaget sine vedtekter skal årsmøtet kallast inn med 6 vekers skriftleg varsel. Styret sitt framlegg til sakliste, årsmelding, rekneskap, evt. vedtektsendringar og andre saksdokument skal sendast til lokallaga seinast 2 veker før årsmøtet.

#### *Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:*

*Innkalling og styret sitt framlegg til sakliste vert godkjendt.*

### Sak 6, Godkjenning av forretningsorden

Styret fremjar følgjande til forretningsorden:

1. Talerett har alle valde årsmøtedelegatar, fylkeslagsstyret, fylkesinstruktørar, fylkessekretær og gjester
2. Forslags- og røyserett har alle valde årsmøtedelegatar og fylkeslagsstyret. Dersom fylkeslagsinstruktørar møter som representant for eit lag har dei røyserett. Styremedlemene i NJFF Sogn og Fjordane har ikkje røyserett i saker som gjeld årsmelding og rekneskap. Ingen har meir enn ei røyst.
3. Forslag på vedtak skal leverast møteleiar skriftleg og underteikna, men før strek er sett. Berre endringsforslag som har samanheng med saker oppført på saklista kan behandlast. For seint innkomne forslag kan ikkje behandlast.
4. Alle vedtak skal avgjerast med simpelt fleirtal. Ved likt røystetal er framlegg forkasta, unnateke ved personval, der ein skal ha loddtrekning. Vala skal vere skriftlege dersom nokon av representantane krev det.  
Ved endring av vedtektene, krevst 2/3 fleirtal
5. I protokollen skal det førast inn dei som har hatt ordet i saka, innkomne forslag og avstemmingar, samt dei vedtaka som er gjorde.

#### *Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:*

*Styret sitt framlegg til forretningsorden vert godkjendt.*

### Sak 7, Årsmeldingar

Årsmelding for 2001: s. 6 –

#### *Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:*

*Styret sitt forslag til årsmelding vert godkjendt.*

### Sak 8, Rekneskap 2001

Rekneskap s.

**Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:**

*Rekneskapet vert godkjendt.*

**Sak 9, Innkomne forslag**

Det er ikkje kome inn forslag til årsmøtet.

**Sak 10, Vedtektsendringar**

Fagleiar Konkurransse har tidlegare hatt som hovudoppgåve å lage terminliste og fremje konkurranseskyting. Desse oppgåvene er no overtekne av Fylkessekretæren, Fylkesinstruktør Hagle og Fylkesinstruktør Rifle fordi det var mest hensiktsmessig.

Det siste året har dette tillitsvervet hatt aktivitetskaping som oppgåve.

Det er meir behov for ein person som kan skape aktivitet i fylkeslaget i samarbeid med lokallag og fylkesinstruktørar, vere drahjelp for lokallag med liten aktivitet og fysisk reise rundt til lokallaga. Det er også behov for ein person som kan utarbeide PR-framstøyt i samarbeid med styret og instruktørar og intensivere marknadsføringa av aktivitetane gjennom positiv PR både lokalt og regionalt.

Styret i NJFF -Sogn og Fjordane ser det derfor som riktig å forandre tittelen Fagleiar Konkurransse til Fagleiar Aktivitet og Informasjon. (framleis 1. vara)

Ny instruks må bli utarbeidd av styret, med vekt på dei behov som er beskreve ovanfor.

**Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:**

*Årsmøtet gjer vedtak om å endre tittelen "Fagleiar Konkurransse" til "Fagleiar Aktivitet og Informasjon" i vedtektene.*

**Sak 11, Arbeidsprogram 2002**

Styret sitt forslag til arbeidsprogram: s.

**Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:**

*Styret sitt framlegg til arbeidsprogram for 2002 vert godkjendt.*

**Sak 12, Medlemskontigent**

Forrige år vart kontigenten i fylkeslaget heva med kr. 5,- til kr. 35,- for alle kategoriar med unntak av barne- og ungdomsmedlemskap med og utan tidsskrift. For denne kategorien vart kontigenten sett til kr. 0,-.(I tråd med oppfordring på NJFF sitt landsmøte)

**Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:**

*Årsmøtet gjer vedtak om å ikkje endre fylkeslagskontigenten.*

**Sak 13, budsjett 2002**

Styret sitt forslag til budsjett: s.

**Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:**

*Styret sitt framlegg til budsjett for 2002 vert godkjendt.*

## Sak 14, Val 2002

Valnemda sitt  
framlegg til vedtak:

- |  |                               |                             |
|--|-------------------------------|-----------------------------|
| • Leiar veljast for 2 år               | (Kristin Halvorsen, Florø)    | Audun Sande, Jølster        |
| • Nestleiar                            | (Gunnstein Husdal, Lærdal)    | Ikkje på val                |
| • Sekretær                             | (Astrid E. Brørs, Lærdal)     | Ikkje på val                |
| • Kasserar veljast for 2 år            | (Vidar Sylvarnes, Årdal)      | Gjenval                     |
| • Ungdomsleiar                         | (Torger Eimhjellen, Hyen)     | Ikkje på val                |
| • Fagleiar vilt veljast for 2 år       | (Kjell Steinar Midtun, Årdal) | pr. 28.02.02 ingen kandidat |
| • Fagleiar fisk                        | (Svein Arne Forfod, Høyanger) | Ikkje på val                |
| • 1. vara/ Fagleiar Konkurransse, 1 år | (Lars Bjørkeland, Sandane)    | Gjenval                     |
| • 2. vara/ Fagleiar Hund, 1 år         | (Robert Brenden, Luster)      | Gjenval                     |
| • Revisor nr. 1, veljast for 3 år      | (Arve Nesje, Stryn)           | Reidar Lunde                |
| • Revisor nr. 2, sit i 1 år til        | (Terje Espe, Eid)             | Ikkje på val                |
| • Revisor vara, sit i 2 år til         | (Arve Nes, Eid)               | Ikkje på val                |
| • Valnemd, leiar                       | Erling Skrede, Jølster jsfl   | Jan Egil Fimreite           |
| • Valnemdn, medlem<br>Melheim          | Jan Egil Fimreite, Årdal jff  | Svein Otto                  |
| • Valnemd, medlem                      | Svein Otto Melheim, Eid jfl   | Ny veljast for 3 år         |

Leiar i valnemnda går ut. Ny veljast for 3 år. Nr 2 på lista går opp som leiar. Nr. 3 går opp som nr. 2

## NOKRE ORD FRÅ LEIAREN

År 2001 har vore eit omstillingsår med mange nye i styret. Noko vi meiner har gått bra. Vi har hatt jaktleiarkurs, kurs for nye jegerprøveinstruktørar, delteke på fiskecamp med ungdom med meir. I tillegg har vi vist engasjement både lokalt og sentralt i arbeid med høyringar og arealplanar. Og ikkje minst har vi latt høyre frå oss i media i fleire samanhengar enn tidlegare!

Styret er i god driv, sjølv om vi har mangla fagleiar vilt og instruktør ettersøkshund har det ikkje skorta på svar på høyringar eller kurs. Vi har på instruktør ettersøk hatt hjelp frå Alf Bruland i året som gjekk og no til jul starta den nye instruktøren, Birger Hogrenning, arbeidet sitt.

På viltsida har vi hatt jakttidshøyringa som den store oppgåva. Der var det i vår eit møte mellom fagleiarane i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Vår utsending Jakob Rønnekleiv som er medlem av viltutvalet på fylket gjorde framifrå arbeid.

I jakttidshøyringa var det mest kontroversielle jakttdsramme på hjort. Det vi svarte på høyringa var at vi var einig i "jakttdsramme frå 10.09. - 15.12. under forutsetning av samjakt i perioden 1. nov. - 15. des. (ved tilfeller der det ikkje var samjakt skulle kommunen innskrenke jakttda)". Vi var difor godt nøgd for NJFF sitt forslag slik det vart lagt fram med ovannemnde ramme og dokumentert samjakt frå 15.10. - 15.12. gjennom avtaler eller liknande.

Vi fekk støtte av fylkesmannen i Sogn og Fjordane i deira høyringssvar på jakttdene. sitat: "Fylkesmannen viser her til NJFF sine konklusjonar og tilrådingar vedkomande samjakt. Fylkesmannen er i hovudsak samd i NJFF sine synspunkt og kan subsidiert støtte NJFF sitt forslag om "speilvending", men det bør vere opp til den einskilde kommune å vurdere i kva grad det skal krevjast dokumentasjon for tilfredstillande tilgang til samjakt".

Vi er difor særdeles skuffa over svaret frå DN som vart mest feil for småviltjegaren, men og for hjortejegeren i enkelte vald.

MIK seminar om fisk vart gjennomført på Sunnfjord med mange gode innlegg og stort frammøte. Som tidlegare var det MIK instruktør Bjarne Huseklepp i samarbeid med Lene Gjelsvik frå driftsplanprosjektet som var ansvarleg for seminaret. Fylkeslaget var i år meir med enn tidlegare med faglege innlegg.

NM jaktfelt går av stabelen på Eid i april. Vi oppfordrar så mange som mogleg til å bli med å sette Sogn og Fjordane på kartet. Det viktigaste er ikkje å vinne men å delta. Fylkeslaget set opp pokal til beste frå vårt fylke.

Prisen for beste ungdomsarrangement vart delt ut for første gong i år, vinnaren vart Sørgulen jfl. Vi håper at prisen vil stimulere fleire til å arrangere aktiviteter for barn og unge.

Ungdomsgruppa var er ny av året og har nytta året som gjekk til mykje god planlegging. Eg har god tru på at vi kan vente oss mykje frå den kanten i åra framover.

Vi har tilsett instruktør for skuleprosjektet og han er i gong med arbeidet. Det vil nok ta noko tid før vi veit korleis dette vil slå an. Men vi har god tru på prosjektet.

På planleggingsstadiet ligg no Vestnorsk Villmarksmesse som blir på Eid i 2003. Alt er under kontroll. I tillegg får vi oss ei utfordring til i samband med landsmøtet for NJFF som er lagt til Loen hausten 2003.

Til slutt vil eg takke for meg og ønske alle lokallag og fylkeslaget lykke til i det vidare arbeidet med å få fleire til å forstå verdien av jakt, fiske og friluftsliv i tida framover.

Kristin Halvorsen

- leiar -

## ÅRSMELDING FOR 2001 FRÅ STYRET

### Fylkeslaget har i 2001 vore samansett slik:

Leiar	Kristin Halvorsen, Flora jfl
Nestleiar	Gunnstein Husdal, Lærdal jfl
Sekretær	Astrid E. Brørs, Lærdal jfl
Kasserar	Vidar Fjello Sylvarnes, Årdal jff
Ungdomsleiar	Torger EimhjellenHyen jfl
Fagleiar Vilt	(1. vara fungert etter Kjell Steinar Midtun sin bortgang)
Fagleiar Fisk	Svein Arne Forfod, Høyanger jfl

1. vara Fagleiar Konkurranselars Bjørkeland, Gloppen jfl

2. vara Fagleiar Hund Robert Brenden, Luster jfl

Kvinnekontakt	Kristin Halvorsen, Flora jfl
Fylkesinstruktør MIK	Bjarne Huseklepp, Hyllestad jfl
Fylkesinstr. Rifle	Arne Olav Bjørlo, Eid jfl
Fylkesinstr. Jegerprøve	Bjarne Huseklepp, Hyllestad jfl
Fylkesinstr. Eppersøkshund	Alf Bruland / Birger Hogrenning, Førde jfl/Stryn og H. jsfl
Fylkesinstr. Elektrisk Dressurhalsband:	Bjørn Monsen, Luster jfl

### Ungdomsutval:

Leiar	Torger Eimhjellen, Hyen jfl
Medlem	Torunn Rygg, Gloppen jfl

### Fiskeutval:

Leiar	Svein Arne Forfod, Høyanger jfl
Medlem	Tor Zachariassen,
Medlem	Håkon Huseklepp, Førde jfl

### Viltutval:

Leiar	Fagleiar Vilt
Medlem	Jakob Rønnekleiv, Hyen jfl
Medlem	Malvin Barlund, Jølster jsfl

### Revisorar

Revisor 1	Arve Nesje, Stryn og Hornindal jsfl
Revisor 2	Terje Espe, Eid jfl
Revisor, vara	Arve Nes, Eid jfl



Valnemnd

Leiar	Erling Skrede, Jølster jsfl
Medlem	Jan Egil Fimreite, Årdal jff
Medlem	Svein Otto Melheim, Eid jfl

Tilsette:

Fylkessekretær:	Reidun Solberg Seim
Undervisningsinstruktør:	Arne Rebni

**Frå NJFF - Sogn og Fjordane har desse vore med i NJFF sine styre og utval i 2001:**

Bjarne Huseklepp, Jegerpr./MIK- instruktør	Medlem i Forbundsstyret og leiar i DSU
Kristin Halvorsen, Leiar	Medlem i Forbundsstyret

**Fylkeslaget er representert i desse utval/fagråd:**

- \* Referansegruppa for Norsk Hjortesenter: Leiar, Fagleiar Vilt er vara.
- \* Styringsgruppa for prosjektet "Lokal forvaltning og driftsplanlegging av vilt – og fiskeressursar". Leiar møter.  
Fagleiar Vilt og Fagleiar Fisk er kontaktpersonar.
- \* Styringsgruppa i FNF (Forum for Natur og Friluftsliv), Kristin Halvorsen
- \* Merkeprosjekt hjort, styringsgruppa. Ove Bjørlo er fylkeslaget sin representant
- \* Samarbeidsrådet for laks og sjøaure i Sogn og Fjordane: Fagleiar Fisk

# Norges Jeger- og Fiskerforbund -Sogn og Fjordane



## Status arbeidsprogram for 2001

### 1.1. Naturgrunnlaget som forutsetning for jakt og fiske.

**Målsetjing:** Sikre naturgrunnlaget som vilkår for jakt og fiske.

**Tiltak:**

- Samarbeide med Fylkesmannen om tildeling av midlar frå vilt og fiskefondet for å betre bruken av pengane.
- ⇒ Telefonmøte fiskefondsmidlar i mars, møte om viltfondsmidlar 9. mars
- Aktivt vere med på å påverke ei god forvaltning av vilt- og fiskeressursar, lokalt og sentralt.
- ⇒ Høyringar: forslag om ny hundelov, forskrift om fiske etter laks og sjøaure, vindkraft-anlegg på Stadt, steinbrot i Gulestø, forskrift om kommunale viltfond, vassdragsrapport Skorvenvassdraget, vassdragsrapp. Rivedalsvassdraget, kraftledning Moskog Transformatorstasjon, jakttider, forvaltning av hjortevilt og bever, lisensjakt på ulv
- Arbeide for auka kalkingsbudsjett / Forsuring
- ⇒ Kontakt med stortingspolitikarane i Sogn og Fjordane, pressemeldingar
- Arbeide for auka midlar til å bekjempe gyro
- ⇒ Kontakt med stortingspolitikarane i Sogn og Fjordane, pressemeldingar, underskriftskampanje der 21 av 26 lokallag har skreve under.
- Deltakar i Driftsplanprosjektet, påverke for at lokallaga kjem med i driftsplanarbeidet.
- ⇒ Deltatt på 2 møter
- Samarbeide med andre organisasjonar, t.d. Forum for Natur og Friluftsliv (FNF)
- ⇒ FNF –møte 29. mars og 9.-10. november
- ⇒ Samarbeid med 4 H om FYK-prosjekt
- ⇒ Samarbeid med Turlaget og Naturvernforbundet vassdragsrapport Skorven-/Rivedalsvassdraget og Vindkraft på Stadt
- ⇒ Samarbeid med Turlaget på Friluftshelga i Florø
- ⇒ Fiskeseminar 24.-25. november i Førde, 82 deltakarar
- Bestandsregistrering av sel
- ⇒ ikkje fått midlar
- Prosjekt hjortemerking
- ⇒ 3 møter i styringsgruppa. Arbeidd med innsamling og bearbeiding av data, samt internett (informasjon og oppdateringar av observasjonar)

## 1.2. Tilgjenge til jakt og fiske.

**Målsetjing:** Sikre og vidareutvikle ålmenta si tilgjenge til jakt og fiske.

### Tiltak:

- Vurdere leige av jakt- og fiskerettar
- ⇒ Ikkje gjort i 2001
- Påverke lokallaga til å gjere lukka lag til opne.
- ⇒ Snakka med per telefon
- Arbeide for å gjere verna områder tilgjengelege for jakt, der dette er mogleg.
- ⇒ Ikkje gjort noko i 2001
- Arbeide for allemannsretten og ferdselsretten (arealplanlegging)
- ⇒ fylkesdelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.
- Halde oversikt over jakt- og fiskevald som lokallaga disponerer og informere andre.
- ⇒ Medlemsavis nr. 1/01 og internett
- Arbeide for å opne jakt og fiske for allmugen der det har vore nytta offentlege midlar
- ⇒ konkrete tilfeller her som vart gjort i 2001 ?

## 1.3. Utøving av jakt og fiske.

**Målsetjing:** Sikre jakt- og fiskeutøving som ein naturleg del av det tradisjonelle, haustingsbaserte friluftslivet.

### Tiltak:

Vidareføre og påverke samarbeidet med Fylkesmannen, utføre instruktør oppgåver og kursverksemd og aktivitetar som sikrar sikker og human jakt- og fiskeutøving.

Utvikle samarbeidsprosjekt innan vilt og fisk

- ⇒ *Jegerprøveinstruktørkurs fase I og III: 10.-11.02 i Førde og 03.-04.03 i Sogndal*
- ⇒ *Brukarkurs El. dressurhalsband 19. mai*
- ⇒ *Fase II og Fase III kurs ettersøk*
- ⇒ *Jaktleiarkurs, Sogndal 2.-3. mars og Førde 8.-9. september*
- ⇒ *"Eksamen" / oppfølgingskurs for Instruktørar i flugekasting, sentralkurs*
- ⇒ *Prøve blodspor*
- ⇒ *Prøve ferskspor*
- ⇒ *Sportsfisketurné: Nordfjordeid 24. april, Førde 25. april og Lærdal 26. april*
- Oppgradering av jegertrap-dommarar ⇒ Ikkje utført
- Andre kurs og studieverksemd i regi av styret ved instruktørar, Fagleiarar m.fl.
- ⇒ *Prøveleiarkurs for fuglehundar 12. mai*
- ⇒ *sauereinhetskurs 19. mai*
- Få opp aktiviteten på rifleskyting ⇒ ikkje nok interesserte, planar for 2002
- ⇒ *Tilretteleggje for trenings- og prøveområde for fuglehundar og skape eit betre fuglehundmiljø.*
- Haglekurs: "Kom i gang!" ⇒ utsett til 2002

## 2.1. Organisasjonsutvikling.

**Målsetjing:** Organisasjonen vert vidareutvikla slik at fylkeslaget tar seg av fleire og større oppgåver enn tidlegare. Det er også eit viktig mål å oppgradere mange av lokallaga både m.o.p. aktivitet og internt regelverk, deriblant å få større openheit med omsyn til medlemsinnmeldingar.

### Tiltak:

- Koordinere samarbeid lokallaga imellom.
- ⇒ *Vestnorsk Villmarksmesse*
- Kartleggje lokallagsstrukturen i fylket med tanke på ei god geografisk dekning.
- ⇒ *Kartlegging nesten o.k. Vågsøy må ein halde fram å arbeide med.*
- Påverke lokallaga til å bruke mønstervedtekter og til å vere ”opne”
- ⇒ *Noko telefonisk kontakt*
- Meir kontakt med lokallaga.
- ⇒ *Telefonisk kontakt med lokallaga, vore på besøk hjå nokre (Gaular, Gloppen, Eid, Stryn, Førde, Lærdal, Hyen) kontakt med nokre på kurs og samlingar. Einvegskommunikasjon med brev, info og mykje e-post til dei som har det.*
- Gjennomføre dei vedtektsfesta arrangementa.
- ⇒ *Årsmøte og formanskonferanse*
- Medlemsfordelar
- ⇒ *Kano-tilbod frå Dacapo Boats a/s til medlemmer*
- Påverke lokallaga til å delta på regionale organisasjonskurs og nytte seg av studieringar i studieforbundet natur og miljø.
- ⇒ Ikkje utført

## 2.2. Rekruttering.

**Målsetjing:** Minst 95.000 betalte medlemskap for år 2000 på landsbasis, 3100 på fylkesplan.

### Tiltak:

- Rekruttering av nye medlemmer fyrst og fremst gjennom lokal aktivitet ut frå sentral tilrettelegging. Dette gjennom vidareføring og utvikling av vervetiltaka frå 2000, med spesiell vektlegging på vidareføring og utvikling av gode medlemsfordelar.
- ⇒ *kurs, fiskecampar. Medlemsfordel: kano*
- Spesiell satsing mot målgrupper av potensielle medlemmer, t.d. ungdomsmedlemmer og kvinner
- ⇒ *fiskecampar, friluftshelg i Hyen og Florø*
- Innmelding av lag som ikkje er medlem i NJFF, samt vitalisering av dei lokallag som er ”sovande”.
- ⇒ *Bryggja / Vågsøy og Selje: Vestnorsk Villmarksmesse 2003*
- Kontakte direktmedlemmer for å verve dei til lokallaga.
- ⇒ Ikkje gjort i 2001

### 2.3. Barne- og ungdomsarbeid

**Målsetjing:** Gjennomgang av fylkeslaget si verksemd ovanfor born og ungdom og setje i verk tiltak som skal gje desse betre tilbod enn tidlegare.

**Tiltak:**

- Medlemsverving til Fiskeklubben  
⇒ *T-skjorter, bøttehatter og solskjermar til lokallag som har arrangement for unge, reklamert for fiskeklubben på ulike arrangement*
- Friluftslivar og andre aktivitetar for ungdom  
⇒ *Vore medspelar i nokre av arrangementa til lokallaga*
- ⇒ *Ungdomsleiarkonferanse, Stryn 4.-6. mai*
- *Undervisningsprosjekt i skulane*  
⇒ *Ansatt instruktør frå 1. sept. i 50 % av heil stilling*

### 2.4. Informasjonsarbeid

**Målsetjing:** NJFF sitt budskap skal nå ein større del av befolkninga og avgjerdstakarar på ulike nivå, og skal stimulere til auka interesse for jakt og fiske.

**Tiltak:**

- ⇒ *Medlemsavis "Jeger & Fisker" skal ut 2 gonger (1 blad / 1 avis) med stoff om jakt, fiske og friluftsliv.*
- Informasjonsrutinene skal forbetrast slik at alle ledd i NJFF har naudsyn informasjon til å kunne fylle målsetjinga som gjeld informasjons- og lobbyarbeid.  
⇒ *Her har nok dessverre dei lokallag som ikkje har e-post ikkje fått all informasjon dei burde hatt.*
- Synleggjering av NJFF sine standpunkt skal intensiverast gjennom bruk av pressemeldingar og anna bruk av media, herunder internett. (Oppdrettsnæring, lakselus, kalking, laksefjorder (Rieber-Mohn), hjorteviltforvaltning, vindparkanlegg, jakttidshøyring.)  
⇒ *Internett vert brukt jamnleg, pressemeldingar: Sportsfisketurne, born og ungdom tilbake til naturen, handlingsvegring og vilkårlegheit i lakseforvaltninga, jegerprøve, næring utan magemål, samla plan i Askvoll, kalkingskutt, gyro-opprop, fellefangst.*
- Halde lokallaga løpande informert om aktuelle høyringar, med kopi til fagansvarleg i lokallaga  
⇒ *Brukt både brev, e-post og telefon (enten eller). Ikkje alle fagleiarar har fått kopi. Manglar også ein del namn på fagansvarlege i lokallaga.*

## 2.5. Skulering.

**Målsetjing:** Styrke aktivitetsnivå på skuleringsverksemd i fylkeslaget og lokallaga.

**Tiltak:**

- Assistere lokallaga med hjelp som dei ynskjer ved skulering av sine medlemmer med meir.
- ⇒ Ingen lokallag bedt om hjelp til skulering
- Oppfordre lokallaga til å arrangere regionale kurs
- ⇒ Ikkje gått aktivt nok ut om dette.

## 3. Fylkeslaget sin økonomi

**Målsetjing:** Styrke fylkeslaget sin økonomi.

**Tiltak:**

Auke inntektene ved:

- Medlemsvekst.
- ⇒ *Ikkje klart, ein nedgang på eitt medlem i 2001*
- Kurs og aktivitetar
- ⇒ *Deltakaravgift på kurs*
- Å finansiere spesielle aktivitetar med tilskot frå det offentlege og andre.

**Styremøter:**

Det er halde 7 styremøter (herav 1 telefonmøte) og handsama 61 saker.

**Informasjon frå styret:**

Styret har sendt ut sakliste og referat frå styremøta til lokallaga, fylkesinstruktørar og NJFF. Lokallagsinformasjonen ”informasjon” er sendt ut 6 gonger i tillegg til anna informasjon frå styret. Medlemsavis-/blad er utgjeven 2 gonger.

**Pressemeldingar sendt ut frå fylkeslaget:**

Sportsfisketurne

Born og ungdom tilbake til naturen

Handlingsvegring og vilkårlegheit i lakseforvaltninga (Svein Arne)

Jegerprøve

Næring utan magemål (Svein Arne)

Samla plan i Askvoll: Skorven og Rivedalsvassdraget (Svein Arne)

Kalkingskutt

Gyro-opprop

Fangst og fellelesongen er i gong (Torger)

**Medieaktivitet:**

Reidun: 22.03.01 Fjordingen; Undervisningsprosjektet  
 Kristin: 27.03.01 Sogn Avis; repotasje frå årsmøte  
 Kristin: 02.04.01 NRK Sogn og Fjordane; Undervisningsprosjekt  
 Svein Arne: April NRK 2; om rømt laks i Gulen  
 Kristin: April Firda; profil  
 Kristin: 15.06.01 NRK Sogn og Fjordane: Fiskeklubbarrangement  
 Svein Arne: juli Firda; laks  
 Svein Arne: NRK Sogn og Fjordane: Stopp i laksefisket - kommentar  
 Svein Arne: NRK Sogn og Fjordane: Aktualitetsrepotasje frå Måløy-møtet  
 Svein Arne: Fjordingen: repotasje frå Måløy-møtet  
 Kristin: Sept NRK Sogn og Fjordane; Lisensjakt på ulv og jerv, utvida hjortejakt  
 Kristin og Reidun: 6. oktober Friluftsmagasinst, P1. Hjortejakt og jenter og jakt  
 Bjarne: Oktober NRK Sogn og Fjordane: Hjortejakt i Hyen  
 Kristin: 10.10.01 Landsmøte NJFF 2003 til Sogn og Fjordane  
 Torger: 16.11.01 NRK Sogn og Fjordane; småviltjakta, NJFF -S& Fj. sitt syn  
 Bjarne: november NRK Sogn og Fjordane; Lokal forvaltning  
 Fangst og felleseongen er i gong

**Representasjonar, profilering, møter og kursverksemd****JANUAR**

23.01.01	Florø	Møte driftsplanprosjektet	Reidun
31.01.01	Eid	Årsmøte i Eid jfl	Reidun

**FEBRUAR**

01.02.01	Skei	Styremøte	
10.-11.02.01	Førde	Fase III kurs for jegerprøveinstruktørar	Bjarne, Reidun
15.02.01	Eid	Møte i merkeprosjektet	Ove Bjørlo, Reidun
17.02.01	Skei	Årsmøte ettersøksrådet	Alf, Reidun

**MARS**

01.03.01	Skei	Styremøte	
2.-3.03.01	Sogndal	Jaktleiarkurs	Kjell Steinar Midtun
3.-4.03.01	Sogndal	Fase III kurs for jegerprøveinstruktørar	Bjarne
9.3.01	Sandane	Møte med Fylkemannen, viltfondsmidlar	Reidun
13.03.01	Lærdal	Informasjonsmøte om Lærdalselva	Gunnstein
15.03.01	Eid	Presentere undervisningsprosj. For lærarar	Reidun
24.-25.03.01	Årdal	Årsmøte fylkeslaget	
29.03.01	Førde	Årsmøte / fellesmøte FNF	Kristin, Reidun
30.03.01	Sandane	Årsmøte i Gloppen jfl	Reidun

**APRIL**

24.04.01	Eid	Sportsfisketurne	Lars, Reidun
25.04.01	Førde	Sportsfisketurne	Svein Arne
26.04.01	Lærdal	Sportsfisketurne	Gunnstein, Vidar

**MAI**

4.-6.05.01	Stryn	Ungdomsleiarkonferanse	Reidun
12.-13.05.01	Gaularfjellet	Prøveleiarkurs fuglehundar, taksering	Robert

		terreng	
16.05.01	Stryn	Møte merkeprosjekt	Ove, Reidun
19.05.01	Naustdal	dressurhalsband	Bjørn
21.05.01	Skei	Styremøte	
25.-27.05.01	Sundvolden	Fylkessekretærsamling	Reidun
25.-27.05.01	Sundvolden	Fylkesleiarkonferanse og RS-møte	Gunnstein
30.05.01	Eid	Komitemøte for NM Jaktfelt	Reidun

**JUNI**

16.06.01	Stryn	Fiskecamp i Markane	Reidun
30.06.01	Førde	Møte i styringsgruppa, FNF	Kristin

**JULI**

Juli	Sandane	Sandane-dagane	Torunn
18.07.01	Førde	Synfaring Brulandfoss	Svein Arne
29.6-1.7.01	Florø	Fiskecamp i Norddalen	Kristin
20.-22.07.01	Hyen	Friluftshelg i Hyen	Torger/Reidun/ Arne Svein-Arne/ Torunn

**AUGUST**

16.-17.08.01	Førde	Kurs i kommunal viltforvaltning	Reidun
18.08.01	Skei	Styremøte	
20.08.01	Bergen	Møte om jakttidshøyring, 4 Vestlandfylka	Jakob Rønnekleiv
26.08.01	Florø	Familiefiskedag	Kristin ?
30.08.01	Måløy	Debattinnlegg på Frp-møte (lakselus)	Svein Arne
31.08.01	Gardermoen	Fylkesleiarkonferanse og RS-møte	Gunnstein

**SEPTEMBER**

1.-2.09.01	Skilbrei	Fase II og III Ettersøk	Alf, Birger
02.09.01	Gaular	Gaularmarknaden, stand	Reidun
4.-5.09.01	Bergen	Kurs / møte undervisningsinstruktørane	Arne
05.09.01	Hvalstad	Møte med arbeidsgjevar	Reidun
8.-9.09.01	Førde	Jaktleiarkurs	Torger
11.-12.09.01	Hafslo	Miljøsamling for lærarar og organisasjonar -presenterte undervisningsprosjektet	Bjarne, Reidun
12.-14.09.01	Bremanger	På hjortejakt med Friluftsmagasinet (P4)	Kristin, Reidun
17.09.01	Sande	Planoppstartsmøte driftsplan, Gaularelva	Svein-Arne

**OKTOBER**

6.-7.10.01	Hyen	Hjortebrøl (ungdomsarrangement)	Torger
12.10.01	Stryn	Møte merkeprosjekt	Ove Bjørlo
20.10.01	Førde	NM-fest for Gullvinnar Årskaug	Reidun
23.10.01	Eid	Komitemøte for NM Jaktfelt	Reidun
Oktober	Sande	Møte driftsplanlegging Gaularelva	Svein Arne
29.-31.10.01	Oslo	Fylkessekretærsamling	Reidun

**NOVEMBER**

9.-10.11.01	Fjærland	FNF-samling	Kristin, Reidun, Arne
16.11.01	Skei	Møte lakserådet	Svein Arne, Reidun
23.-24.11.01	Førde	Formanskonferanse (Svein Arne og Arne innlegg)	Kristin, Gunnstein, Astrid, Svein A., Arne, Torger, Reidun
24.-25.11.01	Førde	Mik-seminar (Bjarne, Svein Arne og Arne innlegg)	Kristin, Gunnstein, Astrid, Svein A., Arne, Torger, Reidun

**DESEMBER**

10.12.01	Eid	Møte merkeprosjekt	Ove Bjørlo
----------	-----	--------------------	------------



Medlemsutvikling heile fylket 1980-2001

Medlemsutvikling heile fylket 1996-2001, lokallagsvis

Medlemsutvikling barne – og ungdomsarbeid, lokallagsvis 1996-2001

Evt. ta også med kvinnelege medlemmer



## ÅRSMELDING FRÅ FAGLEIAR FISK

Det har vore etter måten stor aktivitet med oppfølging av høyringsdokument i vassdragsutbyggingssaker. Skorven- og Rivedalsvassdraget i Askvoll, Innvik kraftverk i Storelva- konsekvensutgreingsprogram. Brulandsfoss kraftverk, Førde- manøvreringspraksis, brot på konsesjonsvilkår. Oppdrettsnæringa – rømming og lakselus- div. medieengasjement Oppfølging av lokale og sentrale politikarar i høve NOU. (Villaksmeldinga) Løpande dialog med fiskeforvaltaren i fylket i aktuelle spørsmål, samt oppfølging av problemstillingar frå medlemmer.

Meir langsiktige oppgåver som er påbegynt og under oppfølging:

Brulandsfoss – konsesjonsbrot og NVE sin kontrollfunksjon. Framleige i Sunnfjord.

Fiskeprosjekt i regulerte vassdrag 2001 .2005. Lakselusproblematikken.

Informasjonsoppbygging/oppfølging av sentrale- og lokale politikarar

Vestlandet har fokus i forvaltningen og mediebildet p.g.a store lakseluspåslag på utvandrande smolt, forsursproblem og kraftreguleringar. Det er ei stor utfordring for alle ledd i vår organisasjon å forsøke å vere sakleg- godt orientert- og ryddig i all mediekontakt. Svar ikkje på direkten- men be om ein liten tenkepause- når media kontaktar deg, disponer temaet- søk eventuelt faglege råd- før du uttaler deg. Ved å kvalitetssikre mediekontakten- i den grad dette er mogeleg- vinn vi respekt for NJFF sine standpunkt- og får forståing og gehør for våre synspunkt og vår rolle i prsessane. Eg takker for godt samarbeid i året som gjekk.

Med helsing  
Svein Arne Forfod  
- Fagleiar Fisk -

## ÅRSMELDING FRÅ FAGLEIAR VILT

Kjell Steinar Midtun frå Årdal vart vald inn som Fagleiar Vilt på årsmøtet 24. – 25. mars i Årdal. Få veker etter årsmøtet fekk vi den triste meldinga om at Midtun var omkome i ei arbeidsulukke.

1. vara til styret, Lars Bjørkeland har fungert som Fagleiar Vilt etter Midtun sin bortgang og medlem i viltutvalet, Jakob Rønnekleiv, har hjelpe styret med jakttidshøyringa. Han var også på eit møte i Bergen der dei 4 vestlandsfylka hadde møte om denne høyringa.

- Fagleiar Vilt -

## ÅRSMELDING FRÅ FAGLEIAR KONKURRANSE

Etter ein litt famlande start – vart det på styre-møtet i september bestemt at det skulle – på initiativ frå underteikna – setjast i gang planlegging av eit arrangement i mai/juni 2002 – som skulle ta utgangspunkt i aktivitetar for barn/unge. Arrangementet – som fekk arbeidstittel: Jakt/Fiske/Fangst-festival 2002 – skulle aktivisere heile styret (utførande) og underteikna tok på seg å detalj-planlegge dette.

I forbindelse med dette vart det i slutten av september 2001 utsendt på mail – igjennom fylkessekretæren – til alle lokallag i fylket – ei skisse til plan – der lokallaga ,og andre - skulle melde tilbake til underteikna – slik at planen kunne vidareførast og ”bankast fast” .

Tida gjekk og ingen telefon eller mail kom tilbake. Då tolka fagleiar det slik at dette ikkje var nokon god ide – i alle fall ikkje for komande år – og valgte då å utsetje heile arrangementet i eit år til sommaren 2003.

Fagleiar har erfaring frå 4H-arrangement – der to-tre personer frå lokallaget til Jeger og Fisk – har vore tilstades på sokalla ”pang-start”-arrangement . Det har alltid vore kjemperespons på ”oss” som har møtt opp for å binde fluger – brenne bål m/kaffelars – montere sluker (spinnere).

Derfor var det skuffande at responsen uteblei frå lokallaga - i denne omgang – men vi får ”trå til” igjen neste år.....

### Arbeidsprogram 2002

Vidareutvikle planane for Jakt/fiske/fangst-festival 2003

Gjennomføre ein del praktiske oppgåver i forbindelse med dette.(for eksempel: lage casting-stampar/stativ for flugekasking(presisjon))

Med helsing  
Lars Bjørkeland  
-Fagleiar Konkurransen-

## ÅRSMELDING FRÅ FAGLEIAR HUND

I år 2001 har det ikkje vore noko voldsom aktivitet frå fagleiar hund, men litt har me fått til allikevel.

Treningsområdet som eg jobbar med i Hodlekve begynner å nerma seg, men eg vil bruke god tid til å kartlegga grunneigarane sine interesser. Det eg kan sei er at å få dette som treningsområde på hausten kan me berre gløyma. Da er det hjortejakt som er høgt prioritert av grunneigarane. Eg håpar å ha fått kontrakt til 01.01.2003, der me vil ha det som treningsområde på vinteren frå 01.01-31.03.

22.05.2001 var eg med på å arrangere sauereinheitskurs i Sogndal, og eg har også arrangert eit i lag med LJFL/Hundeutvalget i sommar.

Treningsområdet på Gaularfjell er under nye forhandlingar. Her er det Henning S. Fureli som arbeidar med kontrakta, og han håpar å få dette som eit trenings-/jaktområde allerede frå hausten 2002. Dette vil vera opent for alle medlemmar i SFJF. Sjå oppdatering på

våre heimesider.

Har vore i kontakt med Flora JFF ang. jaktområde/treningsområde som dei har anskaffa seg på eiga hand.

Dette skal vera eit meget bra område som dei allerede driv kortsalg på og ein kan trene her. Eg veit at dei jobbar med retningslinjer for å sleppa hund i terrenget, og at det er snakk om bag limit på jakta.

Ta kontakt med FJFF for info ang. jaktkort og retningslinjer.(Dei hadde årsmøte 07.02.02)

Jobbar no med eit heilt nytt terreng som eg vil få svar på i løpet av våren 2002. Dersom dette går gjennom så kan det hende at me har treningsområde allerede frå 21.08 kvar haust.

Det vil også bli jakt i området, men eg vil ikkje seie for mykje før me har dette litt meir klarlagt.

I vinter prøvde Henning S Fureli og meg å arrangera treningssamling/taksering + instruktørutdanning på Gaularfjell, men me fekk ikkje dispensasjon til å arrangera det når me hadde tid til det. Dette vil me prøva å få til i april i 2002. Dette vil bli oppdatert på internettsidene våre.

Håpar at me skal få til eit par nye treningsterreng i 2002 og at dette skal betra forholda for våre jakthundar.

Til slutt vil eg oppfordra alle eigarar av hund til å ta ansvar overfor bufe og andre mennesker. Me skal ikkje gløyma at hunden sin stamfar er ulven, og at me hadde ein tragedie på Dokka nettopp. Håpar at me unngår dette i Sogn og Fjordane.

Lykke til med dei firbeinte i 2002.

Med helsing  
Robert Brenden  
-Fagleiar Hund-

## ÅRSMELDING FRÅ UNGDOMSUTVALET

Utvalet har i 2001 bestått av:

leiar Torger Eimhjellen  
medlem Torunn Rygg

### Arbeidsprogram for 2001:

- Friluftsløysleirar og andre barne/ungdomsaktivitetar
- Ungdomsleiarikonferanse
- Medlemsverving til Fiskeklubben
- Undervisningsprosjekt i skulane

Friluftsløysleir er ikkje blitt gjennomført i år, men derimot held vi på med planlegging av Fylkesleir jakt og fiske 14.-16.juni no i år (2002). Her er vi svært godt igong, og responsen blandt våre "hjelparar" er positiv og god. Stad vert Nesholmen i Hyen.

*Årsmelding NJFF -Sogn og Fjordane 2001*

Vi prøvde oss derimot på ei “hjortebrølhelg”. I sogn regionen var dei positive, men vi kom noko seint igong, så i år retta vi oss mot delar av nordfjord/sunnfjord. Her sende vi ut invitasjon til ein del skular, og oppslag i fylkesavisa. Noko få påmeldte var der, men dei som kom fekk oppleve flott hauststemning, (dog utan hjort denne natta.)

Då ungdomsleiarkonferansen gjekk av stabelen i Stryn i vår, skulle det vise seg at det diverre kolliderte med bla. konfirmasjonar for oss. Leiar vart istaden påmeldt til liknande konferanse/kurs på Gardermoen (hausten), men også her gjekk det skeis. (vart avlyst pga for få påmeldte!)

Når det gjeld medlemsverving til Fiskeklubben har vi nytta høve, og vore til stades på ein del arrangement. Responsen har vore bra. Men istaden for å verve dei direkte inn i Fiskeklubben, har vi oppmoda dei om å melde seg inn i nærmaste lokalforening. Med dette “slår vi (*minst*) to fluer i ein smekk.”

Undervisningsprosjektet er igong, og med dette har vi nådd eit stort mål! Vi befinn oss fortsatt i “startgropa”, *men dette har vi tru på!* Arne Rebni er tilsatt. (sjå eiga årsmelding)

Ellers har ungdomsutvalet ved fleire høve oppmoda lokallaga om å arrangere minst eit tiltak i år, retta mot barn og unge. Dette ser det ut til at vi har lykkast bra med. Vi har og oppmoda lokallag om å søkje etter midlar, (frifondsmidlar, m.fl). Her har nokon vore flittige, men det er rom for fleire.

Så hadde vi Ungdomspris 2001 for eit godt gjennomført ungdomstiltak. Kun tre lokallag søkte. Vinnaren vart Sørgulen JFL, som hadde gjennomført eit allsidigt og solid arrangement. Prisen vart utdelt på formannskonferensen 23.nov.

## **HENG PÅ! NY UNGDOMSPRIS I 2002**

### **Arbeidsplan 2002**

- fylkesleir 14.-16.6
- ungdomsleiarkurs
- delta på tilskipingar i lokallag (barn og unge arr)
- arbeide tett opp mot undervisningsinstruktøren, skular m.fl

Med helsing  
Torger Eimhjellen  
- leiar ungdomsutvalet -

## **ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØR RIFLE**

Forespørslene om kurs er som tidligare år til stede men det vert med de. På sist årsmøte var det fleire som hadde konkrete planer som eg håper snart vert realisert. På det lokale plan i Eid har vi heile året hatt møteverksemd med planlegging av de komande NM i jaktfelt. Elles en del instruksjon i sambande med Jegerprøve og jegeropplæring.

**Arbeidsoppgåver:**

Deltagelse på Fylkesleir jakt og fiske 14.-16. juni 2002.  
 Sette seg inn i til ein kvar tids gjeldene regelverk  
 NM jaktfelt 25.-28. april 2002

Budsjett for 2002 kr. 5.000.-

Med helsing  
 Arne Olav Bjørlo  
 -Fylkesinstruktør rifle-

## **ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØR ELEKTRISK DRESSURHALSBAND**

Det vart halde eit kurs for brukarar av el.halsband i 2001. Det vart halde i Naustdal den 19.mai.

3 lokallag hadde meldt på deltakarar. Det eine laget hadde meldt på ein som ville repetere kurset, sidan det var lang tid sidan vedkomande hadde praktisert bruken av el.halsband. Flora JFF hadde meldt på 3, Rune Olsbø, Arvid Holme og Terje Hilding. Hyllestad JFF 1, Henning Fureli og Årdal JFF 1, Ole Morten Sunde.

Den teoretiske delen holdt vi i skulen i Naustdal. Åtte spørsmål angående el.halsband, skulle besvarast som heimelekse.

Om ettermiddagen køyrde vi innover i ein dal, der vi møtte ein svært velviljug saueeigar. Alle elevane fekk prøve å trykke på "knappen". Vi hadde ingen uhell, så dagen sett under eitt var svært vellukka.

Innstillinga vart sendt NJFF. Alle vart godkjende, og har i ettertid vore aktive i bruken av el.halsband.

Det er ikkje berre fuglehundar som "jagar" sau. Det er det svært lite av. Kva med alle dei andre ? Vi må bli flinkare til å orientera alle hundeeigarar om kva ansvar dei har !!!  
 Gjer ein hund noko gale, så vert alle hundar plassert i samme bås.

Hundehold vert meir og meir i søkelyset. Vi må alle visa ansvar.

**HA EIT GODT NYTT PROBLEMFRI "HUNDEÅR"**

Med helsing  
 Bjørn Monsen  
 -Fylkesinstruktør Elektrisk Dressurhalsband-

## ÅRSMELDING FRÅ MIK-INSTRUKTØR

Det vart arrangert Mik-kurs på Sunnfjord Hotell 24.-25. november. Målgruppa var medlemmer i lokale JFL, grunneigarar og kommunar. Programmet hadde fisk og fiskeforvaltning som tema. Totalt deltok det 82 personar.

Det var svært godt samarbeid med Fylkesmannen og grunneigar- organisasjonane v/Lene Gjelsvik både i planlegging og gjennomføring av Mik-kurset.

Det er ei klår målsetjing å vidareutvikle det god samarbeidet som no er mellom grunneigarsida, FM og NJFF- Sogn og Fjordane.

Fylkesmannen støtta samlinga i 2001 med kr. 15.000 til dekking av fellseutgifter.

Denne årlege samlinga har no fått gode og innarbeidde tradisjonar med høgt fagleg nivå og godt sosialt samver. Når vi ser dei store utfordringane som ligg i driftsplanarbeidet m.a., er det viktig å sikre god skulering av våre lokallag saman med våre samarbeidspartnarar.

### **Arbeidsprogram for Mik-instr. 2002.**

\*\*\*\*\*

Arrangere Mik-kurs med hovudvekt på jegeren, jaktlaget og samfunnet si rolle i viltforvaltninga. Stad: Sunnfjord Hotell. Dato: 23.-24. november.

Kurset skal vere sjølvfinansierande.

Med helsing  
Bjarne Huseklepp  
-Mik-Instruktør-

## ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØR ETTERSØKSHUND

Alf Bruland takka for seg som fylkesinstruktør ettersøkshund i 11 år og har gjort ein flott jobb for fylkeslaget !

Birger Hogrenning tok over som instruktør etter Bruland, hadde ikkje anledning til å starte før årsskiftet 2001/2002. Alf Bruland sa seg då viljug til å hjelpe fylkeslaget og arrangerte eit dommarkurs der også Hogrenning var med.

-Fylkesinstruktør Ettersøkshund-



## ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØR JEGERPRØVE

2001 var 1. året med 30 t. praktisk/obligatorisk jegerprøvekurs.

Den nye jegerprøveperm vart svært godt motteken. Den pedagogiske delen av jegerprøva er styrka vesentleg.

Det vart arrangert oppdateringskurs for eksisterande instruktørar i Førde og Sogndal.

Det vart også arrangert kurs for nye instruktørar i Sogndal. Den tidlegare modellen med fase I og krav om studiering/brevkurs før møtet med fylkesinstruktøren, er utgått på dato og fungerer ikkje lenger. Underteikna fekk her prøve ut ein ny og eigen modell for instruktørutdanning. Denne går i hovudsak ut på at aktuelle jp.instr.kandidatar stiller opp på kurs saman med fylkesinstruktøren. I staden for brevkurs/studiering på førehand, får dei nye instruktørane heimelekse i dei 4 obligatoriske fagbøkene som er direkte knytta til oppgåva som instruktør.

Tilbakemeldingane frå deltakarane var udelt positive. I tillegg er dette ein modell som fungerer i praksis og som tek den pedagogiske oppgåva meir på alvor.

Jegerprøve-instruktøren deltok på den årlege samlinga for fylkeinstruktørar i Stjørdal 7.- 9. des.

Der fekk eg høve til å presentere den nye "Sogn og Fjordane-modellen" for jp.instr.utdanning. I ettertid har fleire fylkesinstruktørar bedt om å få opplegget tilsendt for bruk andre stader i Norge. DN kjem no til å avgjere om dette er vegen å gå vidare.

Ved årsskiftet er det 65 godkjende instruktørar i Sogn og Fjordane.

Målet mitt har vore å bygge opp ei gruppe på minst 3 instruktørar i kvart lokallag som deler instruktør oppgåvene mellom seg. Dette opplegget fungerer der ein praktiserer det. Den nye jegerutdanninga på 30 t. set større krav til instruktørane både fagleg, pedagogisk og med omsyn til personleg tidsforbruk. Dei lokalag som har få instruktørar, kan oppleve at dei få instruktørane, grå trøytt. Tiltaket mot dette er å utanne fleire instruktører snarast.

### **Arbeidsprogram for jegerprøve-instr. 2002.**

\*\*\*\*\*

Planen er å arrangere kurs for nye instruktørar i Førde 2. -3. februar.

Ved årsskiftet er det påmeldt 10 personar.

Dei lokallaga som har 3 instruktørar eller færre, bør så snart råd er, starte arbeidet med å finne godt eigna personar til instruktør-oppgåvene.

Med helsing  
Bjarne Huseklepp  
- Fylkesinstruktør Jegerprøve-

## ÅRSMELDING FRÅ KVINNEKONTAKTEN

Kvinnekontakten har ikkje vore aktiv i 2001. Det blir eit noko sprekare program i 2002.

Med helsing  
Kristin Halvorsen  
- kvinnekontakt-

## ÅRSMELDING FRÅ FYLKESSEKRETÆR

Fylkessekretæren er tilsett i 100 % stilling og har kontor heime.

I 2001 vart reiseverksemda generelt redusert, noko som var eit mål for fylkessekretæren. Å møte lokallaga meir ute vart ikkje auka, noko som også var eit mål. Mykje av arbeidstida går til vanleg kontordrift og oppdatering av heimesida. Ein del kursplanlegging og høyringar tar også sin del av arbeidet. Har jobba ein god del med 2 medlemsavis / blad, håpar lokallaga blir også seinare flinke med å sende stoff til bladet. Neste år blir det to fargeblad så her er fine sjangsar til å profilere seg.

Elles har eg prøvd å fylgje opp media betre med saker som er av organisasjonen si interesse. I år var ikkje arbeidet med gyro-aksjonen på langt nær så omfattande som året før. Dette skuldast at fylkessekreterane skulle ta for seg lokallaga og ikkje kommunane som sist. Lokallaga var utruleg flinke å fylgje opp ! Heile 22 av 26 lokallag var med på underskriftskampanjen, og det på kort varsel. Flott !

I 2001 vart undervisningsinstruktør tilsett og fylkessekretæren har det overordna ansvaret. Fleire fylkeslag har slike stillingar og dette opplegget vert ei spanande utfordring. Her også har lokallaga fine sjangsar til å profilere seg og gje elevane tilbod til aktivitetar.

Elles må eg nemne at eg har litt dårleg samvit for dei lokallaga som ikkje har e-post ! Er redd dei ikkje får så god informasjon som andre lokallag. Håpar flest mogleg kan hjelpe meg ved å få seg e-post !



Møteverksemd og liknande kjem fram av representasjonen og møterverksemda til fylkeslaget.

Arbeidsoppgåvene for 2001 og 2002 framgår også av arbeidsplanen til fylkeslaget.

Med helsing  
Reidun Solberg Seim  
-Fylkessekretær-

## ÅRSMELDING FRÅ UNDERVISNINGSSINSTRUKTØR

Underteikna vart tilsett i stillinga som undervisningsinstruktør 1. september 01. Etter ein flying start med 3 oppdrag på rad (detaljar under), samt eit lærerikt kurs for instruktørar i Bergen, stilna det av litt og det vart det ein del kontorarbeid, det er noko som eg ikkje er vand med. Difor tok det ei tid før eg kom igong med "papirarbeid". Prøvde å komme i kontakt med skuleverket, men det viste seg å vera vanskeleg rett før jul.

Har sendt søknadar om økonomisk støtte til fylkesmannen o.a. ang. prosjektet vårt.

**Fyste oppdrag 29.08.01:** Øyrane vidaregåande, saman med 4H. Fisketur samt matlaging ute i naturen. Dette var eit oppdrag av FYK. Dette er den beste gjennomføringa så langt med FYK. 24 elevar fordelt på 12 pr. gruppe. Det var bra interesse for fiske, elevane var småtne når det gjaldt å ete fisken som var tilberedt på bål og i abu-røykaren. Meget bra samarbeid med 4h. Hadde med 2 lærarar på mi gruppe. Ei jente fekk sin fyrste fisk.

**Andre oppdrag 19.09.01 :** Med Leikanger Ungdomsskule 9. klasse overnattingstur. 45 elevar, 5 lærarar samt ein lærarstudent, bra opplegg, delte opp i grupper med kart/komp, fiske, sanitet, natursti, dette fungerte bra ifølgje elevane. På kvelden blei det fyrt kosebål. Dette blei ein lang arbeidsdag frå 0430 – 0230. dersom dette blir ein gong til vil eg overnatte og så gå ned dagen etter. Dette var ein dårleg vurdering frå meg.

**Tredje oppdrag 04.10.01:** FYK med Sogndal vidaregåande, 19 elevar, berre jenter, ein lærar. Kun fjelltur der vi lagde bål på toppen så alle fekk grille pølser. Dette var heilt kurant, men eg ynskjer å bruke meg av meir sjølv. Kan vinklast meir opp mot fiske, tok dette opp med lærar som støtta det forslaget.

**Kurs i Bergen 04-05.09.01:** Eit lærerikt kurs, der vi blei kjende med instruktørar frå andre fylker. Vi var med Kennet Bruvik (instr NJFF Hordaland) på jobb med ein skuleklasse og fekk sjå korleis han gjennomførte ei økt. Så hadde vi ein sosialtur med laksefiske i Tysse-elva. (Utan resultat for dei fleste). Vi traff rektorar, ordførar, tekniske etat frå Fjell kommune der prosjektet er starta. Kun positiv omtale.

**Samling i Fjærland med andre organisasjonar :** Her møtte vi andre organisasjonar og fekk informasjon om kva som er gjort i 2001, og vidare planar for 2002. Interessant samt vi fekk knytta kontakt med andre organisasjonar.

**Formans konferanse og MIK seminar :** Gjennomførte informasjon om skule prosjektet til dei frammøtte lokallagsleiarane på fredagen samt eit foredrag om same emne på MIK-seminar

### Arbeidsprogram 2002 :

Har kontakt med Svelgen skule, kjem til å starte eit opplegg med dei i 2002. Vil og ta kontakt med andre skular i nærområdet. Blir ein del arbeid med dette framover.

Er med på planlegginga av Fylkesleir Jakt og Fiske for ungdom.

Blir sansynleg med S & F orienteringskrins på eit kurs i kart og kompass til våren/sumaren??

Har blitt kontakta av Gunna Gyttri leiaren for orienteringskrinsen i sogn og fjordane.

Med helsing

Arne Rebni

- Undervisningsinstruktør -

**Kontorutstyr som NJFF – Sogn og Fjordane eig pr. 31.12.01**

1 datamaskin (pc)	Telemark Intel inside celeron 1998	(Reidun)
1 datamaskin (pc)	Telemark Intel inside celeron 2000?	(Arne)
1 telefaks	Brother fax -470	1995 (Arne)
1 telefaks	Lanier 4100	1997 (Reidun)
1 kopimaskin	Lanier 6112 copier	1990 (Arne)
1 kopimaskin	Nashuatec D420 (sortering)	1997 (Reidun)
1 skrivar	HP deskjet 500	1986 (Arne)
1 skrivar	HP laserjet 1100	1998 (Reidun)
1 skrivar/skanner	HP Office Jet 1170 c	1999 (Reidun)
1 ISDN telefon	DORO bisy	1999 (Reidun)
1 Mobiltelefon	Ericson	1999 (Reidun)

Elektrisk Dressurhalsband

Målegevær

Utstyr til undervisning i jakt, fiske og friluftsliv:

Skaphengar, 2000

10 sett flugestenger, 2000

10 sett flugebindarutstyr, 2000

10 teleskopstenger utan snelle, 2000

7 ferskvatnstenger

7 Mink - og mårfeller

30 flytevestar

Fylkeslaget eig også 1/3 i ”skiljeveggane” som vart laga til Villmarksmessa i Stryn 1997 + dei i Førde.

# Norges Jeger- og Fiskerforbund -Sogn og Fjordane



## Arbeidsprogram for 2002

### 1.1. Naturgrunnlaget som forutsetning for jakt og fiske.

**Målsetjing:** Sikre naturgrunnlaget som vilkår for jakt og fiske.

**Tiltak:**

- Samarbeide med Fylkesmannen om tildeling av midlar frå vilt og fiskefondet for å betre bruken av pengane.
- Aktivt vere med på å påverke ei god forvaltning av vilt- og fiskeressursar, lokalt og sentralt.
- Aktiv deltakar i arealforvaltning, arbeide mot inngrep / uroing i naturområder
- Arbeide for auka kalkingsbudsjett / Forsuring
- Arbeide for auka midlar til å bekjempe gyro
- Deltakar i Driftsplanprosjektet, påverke for at lokallaga kjem med i driftsplanarbeidet.
- Samarbeide med andre organisasjonar, t.d. Forum for Natur og Friluftsliv (FNF)
- Bestandsregistrering av sel
- Prosjekt hjortemerking

### 1.2. Tilgjenge til jakt og fiske.

**Målsetjing:** Sikre og vidareutvikle ålmenta si tilgjenge til jakt og fiske.

**Tiltak:**

- Vurdere leige av jakt- og fiskerettar i samarbeid med lokallaga (interkommunalt)
- Påverke lokallaga til å gjere lukka lag til opne.
- Følgje opp det gode samarbeidet som ein har fått mellom kommunane, grunneigarorganisasjonar, lokallag og Fylkesmannen ved MIK-kursa.
- Faunaforvaltning i verneområder
- Sikre allemannsretten og ferdselsretten
- Auka fokusering på samjakt
- Halde oversikt over jakt- og fiskevald som lokallaga disponerer og informere andre
- Arbeide for å opne jakt og fiske for allmugen særleg der det har vore nytta offentlege midlar

### 1.3. Utøving av jakt og fiske.

**Målsetjing:** Sikre jakt- og fiskeutøving som ein naturleg del av det tradisjonelle, haustingsbaserte friluftslivet.

**Tiltak:**

Vidareføre og påverke samarbeidet med Fylkesmannen, utføre instruktør oppgåver og kursverksemd og aktivitetar som sikrar sikker og human jakt- og fiskeutøving.  
Utvikle samarbeidsprosjekt innan vilt og fisk

- Brukarkurs El. dressurhalsband
- Dommarkurs, ettersøkshundar i Loen 19.-20. april
- Jaktleiarkurs
- Jervejaktkurs
- Fylkesleir for barn / ungdom 14.-16. juni
- Fiskecamp
- Kurs i utfisking (samarbeid med grunneigarorg.)
- Prøve blodspor
- Prøve ferskspor
- Oppgradering av jegertrap-dommarar
- Andre kurs og studieverksemd i regi av styret ved instruktørar, Fagleiarar m.fl.
- Få opp aktiviteten på rifleskyting
- Tilretteleggje for trenings- og prøveområde for fuglehundar og skape eit betre fuglehundmiljø.
- Haglekurs: "Kom i gang!"

## 2.1. Organisasjonsutvikling.

**Målsetjing:** Organisasjonen vert vidareutvikla slik at fylkeslaget i endå større grad kan bistå lokallaga m.o.p. NJFF sine satsingsområder.

### Tiltak:

- Koordinere samarbeid lokallaga imellom.
- Kartleggje lokallagsstrukturen i fylket med tanke på ei god geografisk dekning.
- Påverke lokallaga til å bruke mønstervedtekter og til å vere "opne"
- Meir kontakt med lokallaga.
- Gjennomføre dei vedtektsfesta arrangementa.
- Påverke lokallaga til å delta på regionale organisasjonskurs og nytte seg av studieringar i studieforbundet natur og miljø.
- Gjennomføre naudsynte endringar som fylgje av gjennomgang av instruktørordningane
- Mediakurs på årsmøte

## 2.2. Rekruttering.

**Målsetjing:** Minst 98.650 betalte medlemskap for år 2000 på landsbasis, 3100 på fylkesplan.

### Tiltak:

- Rekruttering av nye medlemmer fyrst og fremst gjennom lokal aktivitet, stimulert gjennom nye vervetiltak og vekstrelaterte oppgåver.
- Spesiell satsing mot målgrupper av potensielle medlemmer, t.d. ungdomsmedlemer og kvinner
- Innmelding av lag som ikkje er medlem i NJFF, samt vitalisering av dei lokallag som er "sovande".
- Kontakte direktmedlemer for å verve dei til lokallaga.
- Gjere marknadsføring og synleggjering utad meir profesjonell
- Konkurransenaktiviteten skal nyttast meir aktivt i rekrutteringssamanheng

## 2.3. Barne- og ungdomsarbeid

**Målsetjing:** Setje i verk tiltak som skal gje barn og ungdom eit betre tilbod enn tidlegare. Fiskeklubben skal få eit større innhald gjennom aktivitetar lokalt.

**Tiltak:**

- Medlemsverving til Fiskeklubben gjennom lokallaga
- Friluftsliv og andre aktivitetar for ungdom
- Stimulere til aktivitetar for born og ungdom
- Undervisningsprosjekt i skulane

## 2.4. Informasjonsarbeid

**Målsetjing:** NJFF sitt budskap skal nå ein større del av almugen på ulike nivå, og skal stimulere til auka interesse og forståing for jakt og fiske.

**Tiltak:**

- Medlemsblad "Jeger & Fisker" skal ut 2 gonger (2 blad) og vidareutviklast
- Informasjonsrutinene skal forbetrast slik at alle ledd i NJFF har naudsyn informasjon til å kunne fylle målsetjinga som gjeld informasjons- og lobbyarbeid.
- Halde høg profil i viktige saker for utøving av jakt og fiske, ved blant anna å gjennomføre eksterne informasjonstiltak som synleggjer jakt, fiske og organisasjonen godt i samfunnet, spesielt ovanfor forvaltning og politikarar. (Oppdrettsnæring, lakselus, kalking, fiskeforvaltning, Nasjonale Laksefjordar, hjorteviltforvaltning, utbyggingssaker mm.)
- Halde lokallaga løpande informert om aktuelle høyringar, med kopi til fagansvarleg i lokallaga
- Informere lokallag om stønadsordningar
- Innkjøp av profileringsmateriell

## 2.5. Skulering.

**Målsetjing:** Styrke skuleringsverksemda i fylkeslaget og lokallaga.

**Tiltak:**

- Assistere lokallaga med hjelp som dei ynskjer ved skulering av sine medlemmer m.m.
- Oppfordre lokallaga til å arrangere regionale kurs med bistand frå fylkeslaget
- Formanskonferansen med vekt på ungdomsarbeid

## 3 Økonomi

- Finansiere aktivitetar med offentleg stønad og andre stønadmoglegheiter

**VEDTEKTER****NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND  
SOGN OG FJORDANE**

Vedtekne av årsmøtet 25.03.2000

Revidert 24.03.01

**DEL I****§ 1. NAMN**

*Fylkeslaget sitt namn er Norges Jeger- og Fiskerforbund – Sogn og Fjordane, og er ein samanslutning av alle lag tilslutta Norges Jeger- og Fiskerforbund i Sogn og Fjordane Fylke.*

**§ 2. FORMÅL**

*Fylkeslaget sitt hovudformål er det same som for NJFF sentralt:*

*Å ta vare på jakt- og fiskeinteressene igjennom å ta vare på naturen sitt produksjonsgrunnlag, og ved at ålmenta skal ha tilgang til å utøve jakt og fiske. Hovudmåla er:*

- *å være ein aktiv interesseorganisasjon som tek vare på medlemene sine interesser innan jakt, fiske, naturforvaltning og friluftsliv.*
- *å sikre ei berekraftig hausting av vilt- og fiskeressursane våre, basert på tilgjengeleg kunnskap.*
- *å sikre at viltet og fisken blir hausta til glede for flest mogeleg motiverte utøvarar.*

*Arbeidet i fylkeslaget skal byggje på NJFF sitt gjeldande handlingsprogram og det årlege arbeidsprogrammet.*

*Fylkeslaget skal være bindeleddet mellom NJFF sitt sentralledd og lokallaga i fylket. Det har eit særleg ansvar med å ta vare på organisasjonen sitt formål elles på fylkesnivå.*

**§ 3. LEIANDE ORGAN**

*Laget sine leiande organ er:*

- a) *Årsmøtet*
- b) *Ekstraordinært årsmøte*
- c) *Styret*

*Årsmøtet skal haldast kvart år innan 1. april.*



*Sentralledet i NJFF har rett til å vera representert på års- og styremøta til fylkeslaget med talerett.*

#### **§ 4. ØKONOMI**

*Forbundet refunderer til fylkeslaget den del av kontingenten som landsmøtet fastset.*

*Fylkeslaget sitt årsmøte kan i tillegg fastsetje ein eigen kontingent til fylkeslaget som vert kravt inn saman med forbundskontingenten.*

*Fastsett fylkeskontingent skal meldast til forbundet innan 1. september.*

### **DEL II**

#### **§ 5. ÅRSMØTE**

*Ordinært årsmøte skal haldast kvart år innan 1. april og skal veksla likt mellom Nordfjord, Sunnfjord og Sogn.*

*Årsmøtet skal kallast inn med 6 vekers skriftleg varsel. Framlegg som laga ynskjer å få handsama av årsmøtet skal vere styret i hende innan utgangen av januar.*

*Styret sitt framlegg til sakliste, årsmelding, rekneskap, evt. vedtektsendingar og andre saksdokument skal sendast til lokallaga seinast 2 veker før årsmøtet.*

*Lag med inntil 200 medlemmer kan senda 2 representantar. Lag med fleire medlemmer kan sende ytterlegare 1 representant for kvar påbyrja 200 medlemmer, -maksimalt 6 representantar.*

*Medlemmer frå laga utnemnd av NJFF i sentrale utval og fylkesinstruktørar vert kalla inn til årsmøtet. Desse har talerett, men ikkje røysterett. Dersom dei møter som representant for eit lag har dei både tale- og røysterett på årsmøtet.*

*Årsmøtet skal handsama følgjande:*

1. *Konstituering av møtet*
  - *Godkjenning av fullmakter*
  - *Godkjenning av innkalling*
  - *Godkjenning av saklista*
  - *Godkjenning av forretningsorden*
  - *Val av ordstyrar*
  - *Val av sekretær*
  - *Val av teljekorps*
  - *Val av 2 representantar til å skriva under møteboka*
2. *Årsmelding frå siste kalenderår.*
3. *Revidert rekneskap frå siste kalenderår.*
4. *Innkome saker med styret sitt framlegg til vedtak.*
5. *Andre saker som styret har sett opp på saklista.*
6. *Styret sitt framlegg til arbeidsprogram.*
7. *Fylkeslaget sin kontingentdel, med styret sitt framlegg til vedtak.*
8. *Styret sitt framlegg til budsjett.*
9. *Val av styre i medhald av § 7.*
10. *Val av valnemnd på 3 medlemmer - mest mogeleg geografisk fordelt, for 3 år, ein person på val kvart år. Den av medlemene som har sete lengst, er leiar i valnemnda.*
11. *Val av 2 revisorar og ein varamedlem for 3 år, ein person på val kvart år.*
12. *Val av utsendingar til landsmøtet (kvart tredje år).*

*Ungdomsansvarleg skal vere representert ved NJFF sitt ordinære landsmøte, og skal gå inn i kvoten til fylkeslaget.*

*Dersom ikkje noko anna er bestemt, skal alle saker avgjerast med simpelt fleirtal. Ved likt røystetal er framlegg forkasta, unnateke ved personval, der ein skal foreta loddtrekking. Vala skal vera skriflege dersom nokon av representantane krev det.*

*Ingen representantar har meir enn ei røyst. Styremedlemene i NJFF Sogn og Fjordane har ikkje røysterett i saker som gjeld årsmelding og rekneskap.*

### **§ 6. EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE**

*Ekstraordinært årsmøte kan kallast inn av styret, eller når eit tidlegare årsmøte har bestemt det, eller minst 1/4 av lokallaga i fylket, eller forbundsstyret i NJFF krev det.*

*Ekstraordinært årsmøte, vedlagt sakliste, skal kallast inn med minst 14 dagars varsel. Møtet skal ikkje ta avgjerd i andre saker enn dei som er oppførde på saklista i innkallinga.*

### **§ 7. STYRE**

*Laget vert leia av eit styre på 7 representantar, som består av leiar, nestleiar, sekretær, kasserar, ungdomsansvarleg, fagleiar vilt og fagleiar fisk.*

*Fagleiar vilt og fagleiar fisk har i samarbeid med resten av styret ansvar for viltstell- og fiskestellspørsmål.*

*Styret skal ha to vararepresentantar. 1. vararepresentant har hovudansvar for konkurranseaktiviteten. 2. vararepresentant har hovudansvar for jakthundspørsmål.*

*Vararepresentantane vert kalla inn til det fyrste styremøtet etter årsmøtet og elles når faste representantar melder avbod, og når det skal handsamast saker som omfattar dei fagområda dei har hovudansvar for. I desse sakene har vararepresentantane røysterett.*

1. *Styret vert vald for 2 år om gongen. Leiar, kasserar og fagleiar vilt vert valde i år med like årstal. Nestleiar, sekretær, ungdomsansvarleg og fagleiar fisk vert valde i år med ulike årstal.*
2. *Varamedlemene vert valde for 1 år om gongen..*

*Fylkesinstruktørane er fagleg underlagt NJFF, dei bør tiltre fylkesstyret etter behov med tale og forslagsrett.*

### **§ 8. STYRET SITT ARBEID**

*Styret skal:*

1. *Representere fylkeslaget, utøve administrativt mynde, handheve vedtektene og ivareta fylkeslaget sine interesser ut mot dei lokallaga som er tilslutta laget og regionale styresmakter.*
2. *Medvirke til å opprette nye lokallag og eventuelt medvirke til å slå saman lokallag der det er naturleg, og hjelpa desse med råd og opplysningar.*
3. *Førebu, handsame og vedta saker av interesse for laga i fylket.*
4. *Halde møter med lokallagsleiarar/-styre for drøfting av viktige saker av felles interesse samt ta initiativ til kurs, møte o.l.*
5. *Sende saker til høyring i lokallaga.*
6. *Fastsetje til for ordinært og eventuelt ekstraordinært årsmøte.*

7. *Leggje fram årsmelding og rekneskap med revisorrapport kvart år om laget si verksemd i kalenderåret.*
8. *Utarbeide framlegg til arbeidsprogram og budsjett for komande år.*
9. *Sende årsmelding og rekneskap samt årsmøtereferat med ajourført liste over tillitsvalde til NJFF og lokallaga seinast 1 månad etter årsmøtet. Foreslå nyval dersom tillitsvalde ikkje oppfyller instruksen, også om dei ikkje står på val.*
10. *Ved behov oppnemne eigne utval og medlemmer av desse samt utarbeide arbeidsinstruks for utvala.*
11. *Gjere framlegg om tildeling av eventuelle heidersteikn.*
12. *Utnemne fylkesinstruktørar.*
13. *Utarbeide instruks for tilsette i fylkeslaget.*
14. *Utnemne instruktørar og utarbeide instruks for styremedlemmer og instruktørar.*
15. *Vere representert ved stemner og arrangement på fylkesnivå.*
16. *Arbeide for lags- og medlemsfordeler, herunder drive informasjon om økonomisk støtte til fylkeslag og lokallag.*
17. *Avgjere tvistar mellom laga. Avgjersla kan ankast inn for årsmøtet i fylkeslaget.*

*Styret er vedtaksført når minst halvdelen av styret er tilstades. Vedtak vert avgjort ved simpelt fleirtal. Ved likt røystetal er framlegg forkasta. Det skal førast protokoll frå kvart styremøte.*

### **§ 9. VEDTEKSENDRINGAR**

*Vedtektsendringar (del II) kan gjerast av årsmøtet. Til gyldig vedtak vert det kravt 2/3 fleirtal av dei representantane som er tilstades på årsmøtet.*

*Vedtektsendringar skal godkjennast av Representantskapet i NJFF.*